

Statsforvaltaren i Oslo og Viken

Bergen, 2.juni 2023

Innspel tiltaksplan for villrein- Hardangervidda

Bergen og Hordaland Turlag (BHT) vart grunnlagt i 1890 og er den største friluftsansjasjon på vestlandet med over 30 000 medlemmer. BHT er tilslutta Den Norske Turistforening (DNT). Foreininga sitt føremål er å tilretteleggje for eit aktivt, allsidig, enkelt og naturvenleg friluftsliv, og for sikring av friluftslivets natur- og kulturgrunnlag. BHT driv to hytter på Hardangervidda, Stavali og Hadlaskard, og står ansvarleg for drifting av delar av rutenettet i tilknytning til desse hyttene. I tillegg har våre grupper og lokallag organiserte turar i området.

BHT er glad for at det vert iverksett tiltak for å betre tilstanden til villreinen – spesielt med tanke på at dette er ansvarsart for Noreg, og me ynskjer å bidra til å finne tiltak som verkar. Så langt har BHT stengd våre to hytter i kalvingstida, samt avstått frå motorferdsle og kvisting største delen av vinteren. Me er positive til å vidareføre desse tiltaka, samt å justere tiltaka for best mogleg effekt. Me har også starta med rettleiing av våre medlemmer og våre besøkjande.

BHT vil oppmode til å tenkje heilskapleg og langsiktig i utforminga og utveljinga av tiltak. I denne saka meiner me det kjem tydeleg fram kor krevjande det er å drive naturforvaltning i eit demokrati med mange og kryssande interesser, og me vil understreke den langsiktige verdien av å «ha med seg folk» i utforminga av forvaltningsregimet. Me vil også oppmode til ein kontinuerleg forbetring av kunnskapen generelt, og spesielt innanfor vårt felt, ferdsel.

Rettleiing

Eit viktig tiltak som alt er starta, er betre informasjonen til dei som nyttar fjellet. Her har BHT/ DNT ei viktig og aktiv rolle både gjennom ut.no, rettleiing frå vårt tursenter og direkte informasjon på hyttene (sjå m.a. www.dnt.no/villrein). BHT jobbar også med betre og meir involverande formidling av kunnskap og omsyn til villrein, noko me voner vil spreie informasjon og haldningsskapande.

Effektane av slike «mjuke» tiltak kan vere vanskeleg å måla, og difor vert dei stundom noko stemoderleg handsama, men me er av den klare meining at dette må prioriterast. I samtalar med ressurspersonar i lokallaget i Ullensvang kjem det fram at gamal ferdselstradisjon m.a. bygger på ein taus kunnskap behova til villreinen, men at dette er kunnskap som har forvittra med tida og ikkje har same betydning når nye yngre generasjonar og brukarar frå andre regionar nyttar området. Dette kan tene som eksempel på kva betydning kultur har for ferdsel og villrein. I tillegg meiner BHT at naturforvaltninga på generelt grunnlag vil ha betre vilkår på sikt om ein jobbar aktivt med både kunnskaps- og verdibasert formidling.

BHT har vedteke ein [berekraftsplan](#) som mellom anna opnar for ei satsing på auka naturkjennskap. Tiltaka er enkle, og handlar i grove trekk om å auke kunnskapen og omsynet for naturen me går tur i. Enkle grep som utdanning av turleiarar, betre informasjon på organiserte turar, hytter og stiar, kan på sikt skape endringar. Om fleire aktørar tek fatt i ei slik tilnærming er det grunn til å tru at endringane kan vere avgjerande.

BHT meiner difor at det i villreinområde bør setjast av midlar til rettleiing og naturkunnskap, som aktørar kan søke på. Samanlikna med tiltaka som retter seg mot ulike typar infrastruktur og fysiske endringar, er kostnadane små. Difor er det, trass usikre verknader, verd å prøve ut slike tiltak som kan vise seg å gje god effekt per investert krone.

Endringar i hytte- og rutenettet

Eit viktig tema er omfanget og lokaliseringa av hytte- og rutenettet. Det vanskeleg å kommentere på endringar i rutenettet utan grundige synfaringar og intervju med lokalkjende, men vurderingar av rutenettet er ein naturleg del av det vidare arbeidet med tiltaksplanen. Føremålet må vera å finna løysingar som betrar tilhøva for villreinen samstundes som me tek i vare eit attraktivt rutenett mellom hyttene.

For å opne vest-vidda for reinen er det føreslått å flytte eller leggje ned Torehytten samt fjerna stiane som går til og frå denne hytta. Eit slikt tiltak vil gå hardt ut over besøket på både Stavali og Hadlaskard, hytter som er attraktive som del av store samanhengande turområde. For å kompensera for dette er det føreslått å etablere ei ny rute frå Stavali mot Tyssevassbu. Ideen kan vera god for villreinen. Men det er eit høgtliggende, snørikt og krevjande terreng på strekninga Stavali – Tyssevassbu, og det er usikkert kor lett det er å finna ein eigna trase. I tillegg er ei slik rute så lang at ein må opprette ei ny hytte langs ruta. Her er det naudsynt med befaringar og lokalkunnskap for å vurdera forslaget, i tillegg til at finansiering må avklarast i skildringa av tiltaket. Her må ein også avklara grunneigartilhøva og undersøkje evt. utfordringar med løyver.

På same måte som for merka stiar kan me gå gjennom dei kvista rutene for å sikra trygge og attraktive skiturar, samstundes som det vert vurdert å redusera kilometer kvisting. Her er det viktig å ha med seg at kvistinga er ein spesielt viktig tryggleiksfaktor i fjellet.

Motorisert ferdsel

Motorisert ferdsel er peika på som eit forstyrrende element, og BHT ynskjer at vår motorferdsel kan organiserast med lågast mogeleg effekt på villreinen. Innan dette feltet er det mange aktørar og me kan ikkje sjå at myndighetene har nok kunnskap. BHT er difor positive til auka kunnskap om temaet, slik at ein kan finna gode tiltak. Me vil her oppmode om at kunnskapen også vert innhenta i felt, med sikte på å få oversikt over reelle forflyttingar, då ei rein skrivebordsøving vil verte mangelfull.

Avsluttande merknader

BHT forstår at det er trong for tiltak for betre tilhøva for villreinen, og me ynskjer å bidra i vidare arbeidet med å finne og gjennomføre tiltak. På Hardangervidda er det så komplekse sosiale tilhøve at me meiner Statsforvaltar bør vurdere å nytte betre tid på arbeidet og sikre at involvering, kunnskap

og forankring er til stades. I eit slikt bilete er det vidare fornuftig å prioritere mange små og gjennomførbare tiltak framfor større tiltak som både kan vera krevjande å få aksept for og finansiere.

BHT forstår at ferdsel er eit problem for villreinen, samstundes meiner me at DNT si verksemd kan nyttast positivt til å styre ferdsel og rettleie notidas og framtidias friluftsmenneske. Å oppretthalde gode og attraktive turtilbod er difor svært viktig dersom ein endrar på dagens hytte- og rutestruktur.

Med helsing

Helen Ødven
Dagleg leiar
Bergen og Hordaland Turlag

Dag Sandvik
Naturvernansvarleg
Bergen og Hordaland Turlag